

Referat frå Elevråd 14.10.25

Til stades: Jafet, Sofie B., Frida, Eira, Thomas, Marlen, William, Victor, Elen, Ena, Lina, Emely, Grete og Eva M

Sak 1. Informasjon frå sosialrådgjevar og arbeid med oppgåver..

Elevrådet fekk besøk av Eva M som fortalde om sin rolle som sosialrådgjevar, og kva ho gjer i jobben. Saman med Amalie så har Eva M ansvar for det sosiale på skulen og spesielt fokus på at alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø. Dei har utarbeida eit sosialt årshjul. Eva fekk tilbakemelding frå klassane i fht Olweus arbeidet dei har i KLM timane. I tilknytning til at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø, snakka me litt om kva som ligg i omgrepet utanforskap. Vidare blei elevrådet delt i to grupper kor dei fekk jobba med to aktuelle spørsmål.

Tema: Utenforskap

Elevrådet sine tankar/innspel på desse to spørsmåla:

Korleis kan me bli flinkare til å seia i frå om me ser at nokon blir utestengt eller mobba?

- Anonym mobbeboks
- 8. trinn 1. time i veka kor dei rullerer på kven dei sit med og gjer oppgåver/aktivitet saman for å bli godt kjend med kvarandere
- Sei det til ein vaksen/ein me stoler på
- Sei i frå heima

Kva kan me gjera for å inkludera nye elevar eller dei som føler seg utanfor?

- Møta dei på ein vennleg måte og sei “hei”
- Bruka translate/teiknspråk til å kommunisera med dei
- Få dei med på “Bli med dansen” eller andre type aktiviteter kor språk ikkje er ei begrensning i fht å delta
- Ta initiativ til å snakka med dei – visa interesse og lære oss noko på deira språk
- Spør om dei vil bli med

Sak 2. Innviing av mat og helserom.

Me har fått eit knall fint mat og helse rom, som snart klar for opning. Skal me gjera litt stas ut av det og ha ei markering/innviing av rommet? Kva tanker har de elevar rundt dette. Kva tenkjer de om desse forslaga? Felles klassefrokost eller Champagne brus og frukt? Kan me bruka noko av pengane i Elevrådet til dette?

Elevrådsrepresentantane var einige om at det hadde vore gildt med ei markering. Alle tre trinna ønskja seg pizza og brus. Alle var einige om å bruka ein del av pengane i elevrådet til kjøp av ingredienser. Dei foreslo at det er elevrådsrepresentantane pluss vara som ordner med mat og drikke til sitt trinn!

**Sak 3. Tilbakemelding frå klassane på sosialt årshjul. TL leiarar og saker frå klassane:
Frå klassane kom desse innspela:**

Sosialt årshjul:

Ønskje om ein felles skitur for elevane på 10. trinn, fotballturnering før sommaren og kanonball turnering i desember, Meir tur og ulike turar som sykkelturar og fisketurar, Farsetur for heile skulen, og helst to gonger i året.

TL leiarar:

Desse elevane kan tenkja seg å vera TL leiar: Markus U (9A), Sindre, Jonathan (9B) og Aliana (8B)

Saker frå klassane: Noko av det som går igjen når det gjeld saker frå klassane er at dei ønskjer lengre friminutt og lengre tid til å spisa, mindre lekser, vekk med mobilhotell fordi elevane snike med seg mobilen i lomma og td går på do og er på mobilen, spisa i timane. Grete svarer ut elevane på dette på neste elevrådsmøte.

Sak 4. Neste møte.

Neste møte i Elevrådet blir torsdag i veke 44 i 1. time. Då skal me ha Workshop Ungdata.

Referent

Grete Reppe Håland

Elevrådskontakt - Lye ungdomsskule